



Høgskulen  
på Vestlandet

Brukarveileding  
**FileZilla**

---




## Innhald

1 FileZilla Client .....	1
1.1 Installasjon for studentar .....	1
1.2 Installasjon for tilsette.....	1
2 FileZilla Server .....	2
2.1 Installasjon .....	2
2.2 Behandling av tenar .....	3
2.3 Val av innstillingar .....	4
2.3.1 FTP Server.....	4
2.3.2 Autoban.....	4
2.3.3 Timeouts.....	4
2.3.4 Performance.....	4
2.3.5 Passiv mode.....	4
2.3.6 Filters.....	5
2.3.7 Administration.....	5
2.3.8 Groups.....	5
2.3.9 Users.....	6
2.3.10 Logging .....	6
2.4 Starte FileZilla tenaren .....	7
2.5 Stoppe FileZilla tenaren.....	7

## 1 FileZilla Client

### 1.1 Installasjon for studentar

1. Trykk på **FileZilla**.
2. Trykk på **FileZilla nedlasting student**, som vil ta deg til nettsida <https://filezilla-project.org/>.
3. På denne sida trykkjar du på **Download FileZilla Client**. Derfrå under **Show additional download options**, så får du utval for Windows, MacOS og Linux. Her vel du installasjonstypen du trengjer for datamaskina di.
4. Når denne er ferdig nedlasta, så kan du starte installasjonen av programmet ved å **trykkje på fila** og køyr den, som har dukka opp nede mot oppgåvelina i nettlesaren din. Om du har kryssa denne lina vekk, så kan du gå til filutforskar på maskina di og bla fram til mappa **Nedlastingar**. Denne mappa finner du på venstresida i filutforskaren.



Her vil du finne installasjonsfila **FileZilla\_3.58.0\_win64-setup.exe**. Da opnar du fila og installasjonen vil begynne.

5. Da vil du måtte autentisere installasjonen med lokal konto, om den ber om det.
6. Derfrå trykkjer du på **I Agree, Next, Next, Next, Install** og **Finish**.


### 1.2 Installasjon for tilsette

1. Trykk på Windows knappen og begynn å skrive inn **Programvaresenter** og trykk på den når den dukkar opp.
2. Inne på den trykkjer du deg inn på **Programmer**. Her kan du sortere alfabetisk og meir.
3. Finn **FileZilla** og trykk deg inn på den.
4. Trykk på **Installer** og vent til den står som installert.

## 2 FileZilla Server


### 2.1 Installasjon

1. Trykk på **FileZilla**.
2. Trykk på **FileZilla nedlasting student**, som vil ta deg til nettsida <https://filezilla-project.org/>.
7. På denne sida trykkjar du på **Download FileZilla Client**. Derfrå under **Show additional download options**, så får du utval for Windows, MacOS og Linux. Her vel du installasjonstypen du trengjer for datamaskina di.
8. Når denne er ferdig nedlasta, så kan du starte installasjonen av programmet ved å **trykkje på fila** og køyr den, som har dukka opp nede mot oppgåvelina i nettlesaren din. Om du har kryssa denne lina vekk, så kan du gå til filutforskar på maskina di og bla fram til mappa **Nedlastingar**. Denne mappa finner du på venstresida i filutforskaren.



Her vil du finne installasjonsfila **FileZilla\_Server\_1.3.0\_win64-setup**. Da opnar du fila og installasjonen vil begynne.


9. Da vil du måtte autentisere installasjonen med lokal konto, om den ber om det.
10. Derfrå trykkjer du på **I Agree, Next, Next, Next**.
11. Derfrå får du moglegheita til å lage eit administrator passord for FileZilla tenaren. Dette gjer du ved å fylle ut fyrste og andre feltet med passordet du vil ha.





12. Trykk **Next** og **Install**.
13. Noter deg «fingerprint»-et til tenaren som du har fått opp i ein boks.
14. Dermed trykk **Close**.

## 2.2 Behandling av tenar

1. Start opp programmet **Administer FileZilla Server** programmet.
2. Trykk på **Connect to FileZilla** FTP Server.
3. Legg inn adressa til FileZilla tenaren i **Host** feltet. La standard verdien for i feltet **Port** forbli uendra. Legg inn administrator passordet du laga, under installasjonen av tenaren, i **Password** feltet.




4. Trykk på **Server, Configure...** for å opne innstillingspanelet for FileZilla tenaren.



5. Inne i innstillingspanelet finner du ein meny. Her kan du endre på tilkoplingskrav, utestengingskrav, adressevidde for passiv modus, bannlyste eller godkjente IP-adresser, tilkoplingskrav mot tenaren ved administrering, grupper, brukarar og logg plassering for tenaren. Bestem innstillingane for tenaren som du vil ha og trykk på **Apply** nede i høgre hjørnet.

Settings for server 127.0.0.1



## 2.3 Val av innstillingar

### 2.3.1 FTP Server

Her under er du vist to faner med namna *Connection* og *Connection Security*. Under **Connection** kan du bestemme IP og port adresser som skal vera tilgjengelege for tilkopling av FileZilla FTP tenaren. Portnummeret 21 er lagt inn som standard på nettverksadressene for både IPv4 og IPv6 (0.0.0.0 og ::). Desse, òg portar du kan leggje inn her blir kontrollportar for FTP tilkoplingar mot FileZilla FTP tenaren. Desse portane må vera opna for innkommande TCP tilkoplingar i brannmuren, elles vil klienter ikkje nå fram til kontrollportane.

Under **Connection Security** bestemmer du kva TLS serfikat tenaren vil nytte for etablering av TLS tilkoplingar. Sjølvsignert av FileZilla tenaren, eller tredjeparts serfikat referert til ved lokal sti. Da er det berre å la den stå på sjølvsignert.

### 2.3.2 Autoban

Her under vil du få moglegheita til å bestemme vilkåra for bannlysing av IP adresser for feilaktige påloggingsforsøk. I feltet *Ban IP address after:*, so bestemmer du kor mange feila påloggingsforsøk som må bli prøvd frå same IP adresse før bannlysing. I feltet *If they happen within:* lar deg bestemme tidssona i sekundar når dei feila påloggingsforsøka må ha blitt utføyrd, for at bannlysinga skal gjelde. I feltet *The ban will last:* bestemmer du kor mange sekundar bannlysinga skal vare. Om du lar nokon av dei stå med null, så vil den tolke det som inga begrensing.

### 2.3.3 Timeouts

Her bestemmer du kor lange påloggings- og pålogga økter ska få passivt stå. I fyrste feltet *Login timeout:* bestemmer du kor lenge eit påloggingsforsøk skal få lov å ta i sekundar, før den blir avbroten av tenaren. Det andre feltet *Activity timeout:* lar deg bestemme kor mange minutt ein klient skal få lov til å vera passivt oppkopla mot FileZilla FTP tenaren, før tilkoplinga brytas av tenaren. Om du lar nokon av dei stå med null, så vil den tolke det som inga begrensing.

### 2.3.4 Performance

Her bestemmer du kor mange trådar FileZilla FTP tenaren skal få tildele seg sjølv frå maskina den køyrast på i feltet *Number of threads:*. Om du lar den stå med null, så vil den tolke det som inga begrensing. Her er det lurt å iallfall la ein tråd vera igjen for systemet, om du har noko belastning på tenaren.

### 2.3.5 Passiv mode

Her under bestemmer du kva port område FileZilla FTP tenaren skal nytte som overføringskanaler for kvar tilkopling mot den. Det vil vera ei standard rekkje frå 49 152 til 65 534 som gir 16 382 portar til nytte. Denne kan du endre, men pass på at du ikkje set den over forhandsbestemte portar, spesielt ikkje frå 1024 og nedover, men prøv heller å sett på portane frå 10 000 og oppover. Portområdet du bestemmer deg for å nytte må vera opent i brannmuren for innkommande TCP tilkoplingar for å fungere.

### 2.3.6 Filters

Her bestemmer du kva IP adresser du vil tillate oppkopling mot FileZilla FTP tenaren. Det er to ruter der du kan skrive inn IP adresser. I ruta *Disallowed IP ranges*: er det den nederste CIDR eller IP adressa som gjelder, for kva IP adresser som ikkje kan kople seg mot tenaren.

CIDR er ei IP adresse etterfulgt med eit tal frå 0 til 32, som bestemmer kor mykje av IP adressa som er låst og gjeldande. Dei vanlege tala her er 0, 8, 16 og 24. Om det er 16 som står, så vil berre dei to fyrste tala i IP adressa vera gjeldande.

I den andre ruta *Allowed IP ranges*: kan du skrive inn IP adresser, eller CIDR adresser som skal få lov til å kople seg til tenaren, sjølv om dei er lista i den førige ruta og er da svartelista.

### 2.3.7 Administration

Her, som under *FTP Server*, så er dei to fanane *Connection* og *Connection security*. Under **Connection** kan du bestemme kva port FileZilla FTP tenaren skal ta imot administrator tilkopling. Denne koplinga nyttar du for å administrere tenaren med programmet *Administer FileZilla Server*. Rett under er det eit passordfelt der administrator passordet du har laga for tenaren ved installasjonen ligger. Dette kan du endre til eit anna passord.

Under **Connection Security** bestemmer du kva serifikat FileZilla FTP tenaren vil nytte for TLS tilkoplingar med klientar. Der har du også valet mellom sjølvsignert eller tredjeparts serifikat.

### 2.3.8 Groups

Her kan du lage, slette og omdøype grupper i venstre feltet. Til høgre for dette feltet vil det dukke opp tre faner, om du har valt ei av gruppene som er lista i venstre feltet.

Under fana **General** kan du gje gruppa virtuelle stiar, som medlemmane til gruppa vil arve. Slike virtuelle stiar følgjer da ei lokal sti på tenaren. Det er viktig å innstille desse med virtuelle stiar som ikkje vil gje konflikt med andre virtuelle stiar. Til høgre i fana bestemmer du om den valte stien til gruppa skal vera mogleg å skriva til; altså om brukarane som er medlem av gruppa skal kunn få lese innhaldet til den virtuelle stien, eller om dei òg skal få leggje til dokument og endre på dei under den virtuelle stien.

- Permissions

Access mode:

Read + Write

Apply permissions to subdirectories

Writable directory structure

Under fana **Filters** bestemmer du kva IP og CIDR adresser som skal få nytte tildelingane medlemmane får av gruppa. I ruta *Disallowed IP ranges*: er det den nederste CIDR eller IP adressa som gjelder, for kva IP adresser som ikkje kan kople seg mot tenaren. I den andre ruta *Allowed IP ranges*: kan du skrive inn IP adresser, eller CIDR adresser som skal få lov til å kople seg til tenaren, sjølv om dei er lista i den førige ruta og er da svartelista.

Under fana **Speed Limits** bestemmer du hastigheita som skal gjelde for medlemmer av gruppa du har valt i nedlasting og opplasting av data til FileZilla FTP tenaren.

### 2.3.9 Users

Her kan du lage, slette og omdøype brukarar i venstre feltet. Til høgre for dette feltet vil det dukke opp tre faner, om du har valt ein av brukarane som er lista i venstre feltet.

Under fana **General** kan du gje brukaren eit passord. Du kan huke av for kva grupper brukaren skal følgje og om den skal få personlege virtuelle stiar. Slike virtuelle stiar følgjer da ei lokal sti på tenaren. Desse stiane er det viktig å gje verdiar som ikkje vil komme i konflikt med kvarandre. Til høgre i fana bestemmer du om den valte stien til gruppa skal vera mogleg å skriva til; altså om brukarane som er medlem av gruppa skal kunn få lese innhaldet til den virtuelle stien, eller om dei òg skal få leggje til dokument og endre dei under den virtuelle stien.

- Permissions

Access mode:

Read + Write

Apply permissions to subdirectories

Writable directory structure

Under fana **Filters** bestemmer du kva IP og CIDR adresser som brukaren kan nytte og ikkje nytte ved tilkopling mot brukarens virtuelle stiar hjå tenaren. I ruta *Disallowed IP ranges*: er det den nederste CIDR eller IP adressa som gjelder, for kva IP adresser som ikkje kan kople seg mot tenaren. I den andre ruta *Allowed IP ranges*: kan du skrive inn IP adresser, eller CIDR adresser som skal få lov til å kople seg til tenaren, sjølv om dei er lista i den førige ruta og er da svartelista.

Under fana **Speed Limits** bestemmer du hastigheita som skal gjelde for brukaren du har valt ved nedlasting og opplasting av data til FileZilla FTP tenaren.


### 2.3.10 Logging

Her bestemmer du kor loggen for FileZilla FTP tenaren skal vera lagra hen. Standardplasseringa er `C:\Program Files\FileZilla Server\Logs\filezilla-server.log`. Dette kan du endre på i feltet **File path**:. I feltet **Logging level**: kan du bestemme kor detaljerte loggene skal vera. Dette går frå 0 til 5.



## 2.4 Starte FileZilla tenaren


1. Trykk på Windows knappen og begynn å skrive inn **Start FileZilla Server** og trykk på den når den dukkar opp.



2. Om den ber om autentisering, så nytter du den lokale administrator kontoen for godkjenninga.  
Da skal FileZilla tenaren vera starta.

## 2.5 Stoppe FileZilla tenaren

1. Trykk på Windows knappen og begynn å skrive inn **Stop FileZilla Server** og trykk på den når den dukker opp.



2. Om den ber om autentisering, så nytter du den lokale administrerende kontoen for godkjenninga.  
Da skal FileZilla tenaren vera stoppa.